



# *Menighetsbladet*



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 3 2019 44. årgang



**Gullstein kirke 150 år!**



# Gode dydar?

av Jan Ove Krutvik

Eg har starta opp att eit abonnement på bladet Illustrert Historie. Der er det mykje interessant lesing syns eg. I eit av dei siste blada hadde dei litt fokus på dei største religionane. I presentasjonen skriv dei at i kristendomen må du gjere gode dydar for å kome til himmelen. Dei skriv òg om dei så kalla dødssyndene, som det visstnok ikkje fins tilgjeving for. Då vart eg skuffa over bladet. Rett nok er jo dette eit populærvertskapleg blad, og ikkje djup forsking. Men eg forventa at dei i alle fall skriv rett om kva religionane handlar om.

Samstundes er det kanskje den mest vanlege misforståinga dei presenterer? Misforståinga om at kristendomen handlar om å gjere sitt beste, følgje boda så godt ein kan og så håpe at det er bra nok, gjere mange gode dydar. Sjølvsgatt er det viktig å prøve å vere eit bra medmenneske, men det er viktig i alle livssyn.

Dydar er ikkje det viktigaste i kristendomen.


Det viktigaste i kristendomen etter mi mening er:

- vi alle er Guds barn, skapt av han. Likt som eg ikkje treng å prestere noko som helst for å vere sonen til mamma og pappa, treng vi ikkje prestere noko for å vere Guds barn. Han har skapt oss, han har skapt verda.
- fordi Gud elskar verda, altså oss, sendte han sonen sin for å gjere opp for oss. Ingen menneske klarer å berre gjere det gode, men Jesus vart straffa i staden for oss.

«Den lille Bibel», som står i Johannes 3,16, er vel det mest kjente verset i Bibelen.

*«For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han. Den som trur på han, blir ikkje dømd.»*

Johannes 3,16 – 18a



Enno enklare oppsummert er det slik ein ofte startar samlingsstund i Ørneklubben og andre søndagsskolar. Der ber ein:

Takk Gud, at du har skapt meg.

Takk Jesus, at du har frelst meg.

Takk den Heilage Ande, at du styrkjer meg.

## Julemesse NLM Aure Misjonshus 16. november



Julemesse opnar kl. 11.00 med familiemøte.

Ørneklubben deltar.

Åshild Sørhus fortel frå NLM sitt arbeid i Mongolia.

Åresalg, lotteri, kafè og sal av heimelaga varer frå 11.00-16.00.

Aktivitetar for barn gjennom heile dagen.

Avslutningsmøte 16.00. Misjonskoret deltar.

Du er velkommen til å bidra med gevinstar eller heimelaga varer, ta kontakt med Astrid Gjerde tlf. 979 60 723

### Bortgang

Tidlegare sokneprest i Aure i mange år, 01.12.77 – 01.01.1985, Leiv Solemdal, døde 5. september i Molde, 79 år gammal.

## Konsertar i kyrkjene våre


### Gullstein kirke:

10. november: Jubileumskonsert i  
23. november: Konsert med Tustna skolemusikk.



### Aure kyrkje:

17. desember:  
Julekonsert  
med Kristian Raanes, Egil Holberg m.fl.



22. desember:  
Julekonsert  
med Aure Songlag.

# Min salme

I min barndom og ungdomstid samlast vi ofte på bedehuset heime. Der var det ofte møter den tida, og etter møtene satt vi igjen og spilte og sang, og hadde det fint i lag. Det er mange flotte salmer og sanger jeg kunne nevnt, men en er spesiell for meg :  
Gå omkring i Jesu navn, hjelpe, trøste stille savn.

Lina Oldervik

Gå omkring i Jesu navn  
Hjelpe, trøste, stille savn,  
Vise medynk, tørre tårer,  
lege det som hjertet sårer,  
Virke så dann i det stille  
Det var Det jeg gjerne ville.

Lokke smil av tårer frem  
For en hjemløs skape hjem

Dele noens savn og smerte  
Tenne håp i håpløst hjerte  
Virke så dann i det stille  
Det var det jeg gjerne ville.

Kjærlighet oppfinnsom gjør  
Gud vil åpne deg en dør.  
Jeg meg med en glad vil glede  
Med en sorgfull vil jeg gråte  
Virke så dann i det stille  
Det var det jeg gjerne ville.

Vise vei til Himmelten  
Til Gud Faders åpne favn  
Til det gledens vell, det Rike  
Som på jord ei har sin like  
Virke så dann i det stille  
Det var det jeg gjerne ville.


Tekst: Helga Ingebrigtsen, 1903




## Nytt fra Fellesrådet

- Både tak, vegger og golv er mala i våpenhuset i Gullstein kirke. Vidare er det innkjøpt nye løparar til 150-årsfeiringa.
- Store greiner av blodbøken som låg innover taket på Gullstein kirke er fjerna.
- Det er lagt ny bordkledning på ein vegg på klokketårnet ved Folde gravlund.
- Det nye av året er at fellesrådet tar på seg stell av graver etter avtale.
- Elles vanlig stell og vedlikehald av kirker og gravplasser.

Kirkevergen



Kjell Fagerlie



## Stabstur 2019

Vi har lenge snakka om å vere med konfirmandane på pilegrimsturen som dei har gått kvar haust sidan 2014. Så i år la vi stabsturen over to dagar, og gjekk pilegrimsruta mellom Skaun og Gaulosen og vidare Sverresborg og ned til Nidarosdomen der vi avslutta med ei omvising.

Vi starta ved Skaun kirke der lokalhistorikar Ola Skauge tok oss med bakover i tid, frå kirka sto ferdig i 1183 og til dagens

utsmykking. Vidare var Skauge med oss til ruinane av gamle Husaby kyrkje, der Sigrid Undsets romanfigur Kristin Lavrandsdatter hold til. Det var ein flott vandring frå Skaun og over til Buvika og vidare ut til Gaulosen, der vi vart frakta over med båt. Vi overnatta på Sundet gard som pilegrimar flest. Neste dag gjekk vi frå Sverresborg med flott utsikt over Trondheim by og ned til Nidarosdomen. Været var flott og alle fekk ei flott oppleveling

Kyrkjeverja



# Gullstein kirke 150 år

## Litt fra jubileumsfeiringa.

**Den 15. september ble det feiret 150-årsjubileum for Gullstein kirke. Feiringen startet med jubileumsgudstjeneste i kirka. Været var ruskete med kraftig regn og sterke vindkast, nesten slik som det var på innvielsesdagen 21. november 1869, for 150 år siden. Den gangen var det full storm fra vest og ingen fra Smøla kunne komme på grunn av været. Likevel var kirka den gangen stuvende full.**



På jubileumsdagen var kirka mer enn halvfull, det var trolig rundt 150 som hadde funnet veien til kirka denne dagen. Det var godt å komme inn i kirka som var velstelt og pynta, det skinte fra nypussa sølv, og en høytidelig og forventningsfull stemning fylte kirkerommet. Så ble også gudstjenesten en god og fin opplevelse for de som var tilstede.

Biskop Ingeborg Midttømme ledet gudstjenesten. Hun holdt en tankevekkende og fin preken, der hun talte om forsakelse og

lønn. Hun la vekt på at forsakelse er å vende seg bort fra noe, og at en da vender seg om til noe annet, en må snu fokus. Under gudstjenesten deltok også fungerende prost Sindre Kulø, sogneprest Per Eilert Orten, organist Alexey Kurbanov, ordfører Ingunn Golmen, menighetsrådsleder Ingrid Aukan, medliturg Modulf Aukan med flere. Aure Songlag sang først «Hymne» av Nils Larsen og senere «Den fattige Gud» av Edvard Hoem og melodi Henning Sommero. Det ble ofret til menighetsarbeidet, og mange mottok

nattverden som ble utdelt framme i kirka.

Hovedgrunnen til at tustningene sette fram krav om egen kirke var at mange tustingar omkom på kirkeveg. Det var ikke enkelt å ro eller seile i all slags vær, og mange druknet på Edøyfjorden. Til minne om disse ble det avduket en minneplakett som skal monteres på en bautastein utenfor kirka. Ordføreren stod for avdukingen.

Etter gudstjenesten var alle invitert til Nordvang grendehus. Det anslåes å ha



Biskop Ingeborg Midttømme



Nokre av dei som medverka

vært ca. 90 frammøtte gjester der. Ingrid Aukan ønsket velkommen og ledet tilstelningen. Nå ble det servert sodd som varmet og smakte godt. Biskopen takket menighetsrådet for invitasjonen og alt arbeidet de hadde lagt ned i forkant av feiringen. Sangkoret «Kor i all verden» sang nå tre sanger, «Barnetro», «Fly min engel» og «Det gamle bedehuset». De ble akkompagnert av Alexey Kurbanov på keyboard. Deretter framførte Anne Elise Tunheim en jubileumsprolog hun hadde skrevet til kirka/menigheten.

Så ble det servert kaffe og kaker fra et rikholdig kakebord. Prost Sindre Kulø takket for en trivelig jubileumsfest og trakk fram alle dem som bidrog til festen med baking, servering, kjøkkenarbeid og annet. Folk pratet og koste seg med gode kaker og kaffe.

Så fulgte en sekvens med gave-overrekkelser og hilsener til jubilanten. Først ute var leder for Halsa Menighetsråd, Lars Innreiten. Han overrakte to kirkehefter om kirkene på Halsa og et trefat med et flott maleri av Gullsteinkirka. Ordfører Ingunn Golmen overrakte blomster og en pengegave på kr. 10.000,- fra Aure kommune. Hun sa hun var glad for å få med seg kirkejubileet før hun skulle gå av som ordfører. Ann Kristin Sørvik takket også, og overrakte en orkide fra bispedømmerådet. Hun sa blant annet at en måtte ta vare på det gode i kirkekulturen og synliggjøre den. Det var viktig at folk skulle kjenne seg igjen i kirka, og vi måtte synge mer. Johannes Finset fortalte så to morsomme historier fra da han fungerte som kirketjener, noe som løsnet på latteren. Nå ble skriftstyret for jubileumsheftet kalt fram. Ingrid Aukan takket for arbeidet med jubileumsheftet og Else Aspvik, Modulf Aukan og Anne Elise Tunheim fikk overrakt hver sin gavepose med noe godt i.

Til avslutning ble velsignelsen lytt over festlyden av fungerende prost Sindre Kulø. Ved utgangen ble det åpnet for salg av jubileumsheftet, som mange sikret seg et eksemplar av. Det hadde vært en fin feiring som vi i takknemlighet kan se tilbake på.

*Foto: Johannes Finset*

*Tekst: Anne Elise Tunheim*



## Jubileumsheftet

Du kan bestille jubileumsheftet ved å kontakte kyrkjekontoret. Heftet kostar kr 200,-.

# Messehakel i emning



*Det blir mange timer ved sybordet, men Anne har ei god drivkraft: arbeidsglede.*

**- Her har eg laga min eigen arbeidsplass, seier Anne Botten Stokke i det ho losar oss ned i sokkeletasjen i huset sitt på Stokke i Valsøyfjorden. Ho har invitert «messehakelnemnda» hit for å vise fram det arbeidet ho held på med: fiolett messehakel til Aure kyrje.**

**Arbeidsplassen er ikkje stor, men har det som skal til: sybord, hyller med stoff og tråd, stativ med drakter på, jau, her er det ei dame som driv med saum.**

## Godt samarbeid

Tidlegare har Anne hatt møte med nemnda på Aure. Vi diskuterte oss fram til kva for symbol det skulle vere på messehakelen. Anne kom med idear, tok imot innspel og laga fine, nøyaktige skisser. Ho la fram prøver på stoff og tråd og forklarte oss korleis ho tenkte seg utforminga. Etter siste finpussen sende ho eit godt gjennomtenkt framlegg til Bispedømekontoret. Konseptet vart godkjent.

## Ein messehakel har eit symbolspråk

- Ein kan ikkje vere altfor oppfinnsam når ein teiknar ein messehakel, seier Anne med ein smil. Ho siktar til at ein messehakel har eit symbolspråk. Både fargane og figurane skal seie oss noko. Den fiolette fargen står for førebuing, bot og sorg. Derfor brukar presten den fiolette messehakelen på bots- og bønedagen, i adventstida og i fasta. Det finst reglar for symbolbruken. Anne opplever ikkje dette som ei tvangstrøye. Tvert imot, det er eit spennande og artig arbeid, seier ho.

## Messehakelen er kyrja sin eigedom

No får vi sjå litt av messehakelen i naturleg storleik. På eit bord ligg bakstykket, det er i eit blåfiolett ullstoff med påsydd «stolpe» i thaisilke. På stolpen ser vi at det kristne hovudsymbolet held på å ta form. Det blir brodert med sølvtråd. Handbrodert, vel å merke. Det er utruleg mykje handarbeid på ein messehakel.

Det er viktig at stoffet er slitesterkt og at det fell fint. Ein messehakel hører kyrja til og skal helst vare i mange, mange år.

## Litt om Anne Botten Stokke

Etter eit interessant opphold i systua byd Anne på kaffi og eplepai. Gjett om det smakar!

I kaffipausen fekk vi vite meir om den lokale tekstilkunstnaren. Kort sagt:

- Fødd i Valsøybotnen 1955
- Gift med Tor Stokke
- Interessert i handarbeid frå ho var lite
- Arbeidde ei tid på Berserkfabrikken i Kristiansund  
( - Der lærte eg to ting: å sy fort og å sy beint, seier ho. Ho arbeidde på akkord)
- Starta eige firma (enkeltmannsføretak) i 1995. Syrbunader til Husfliden.
- Då ungane vart så store at ho kunne sleppe frå, skaffa ho seg utdanning:  
1997 - 99: Folkekunst med tekstil som fag ved Høgskulen i Telemark, avd. Rauland  
( - Ein abakle plass, tungvint å reise til og frå. Trong like lang tid på heimreisa som ein medelev frå Japan)
- Seinare: Utdanning over 2 år i Drakt og samfunn ved NTNU. Bachelorgrad.

## Oppdrag: Messehakel

Etter at ho var ferdig på Rauland, fekk ho ein telefon frå Vinjeøra. Om ho kunne lage ein messehakel til Vinjekyrkja? Ho hadde ikkje lært om messehaklar på Rauland. Men ho kunne mykje om tradisjonelle handverksteknikkar, og det skulle vise seg å vere nyttig. Oppdraget var «skikkeleg artig», og ho sa ja. Etter kvart skaffa ho seg kunnskap om messehaklar. Til no har ho levert messehaklar til desse kyrk-

jene: Vinje (1), Frei (3), Gjemnes (2), Brattvær (2), Stemshaug (2), Surnadal (1), Aure (1). I 2014 leverte ho ein grøn messehakel til Aure kyrkje, og om ikkje lenge får vi sjå den fiolette.

### Messehakelen ferdig

Ved gudstenesta i Aure kyrkje den 13. oktober blir den nye messehakelen presentert. Det er noko å sjå fram til!

*Det er vanleg at kyrkjekstilar blir finansierte gjennom offer og gåver. Har du lyst til å gje ei gave til dette formålet, kan du bruke konto nr. 4068 20 03903. Dette er konto for messehakel og fornying av tekstilar i Aure kyrkje.*

Tekst og foto: Kirsti Orheim Ås

*Godt handlag må til. Det er mykje handarbeid på ein messehakel.*



**Det mest kjende kristne symbolet får plass på baksida av messehakelen.**



# Bu heime leir på Aure misjonshus

Det ble tradisjonen tro arrangert Bu heime-leir i regi av trosopplæringen ved Aure kyrkje, 5. - 7. august.

19 barn deltok, de fleste fra Aure kommune men også noen langveisfra. Den nye trosopplæreren fikk heldigvis hjelp av mange gode medhjelpere.

Vi som jobber i kirken er ofte avhengige av frivillige medarbeidere for å gjennomføre slike arrangementer. Deltagerne var fra 6 til 10 år. Vi startet dagene med frokost.

Deretter hadde vi en samling med sang og bibelundervisning. Vi var heldige med været og hadde turer til Øratangen og Ormsetvatnet.

Takk til Anne Bjørnholm som sto for matservering. Inne på misjonshuset ble fotball- og ishockeyspillene flittig brukt, og vi brukte også tid ute på den «store» fotballbanen.

Tekst og foto: Stig Ottar Jensen



## Arrangementer for barn og unge

- 31. oktober Hallovenn
- 10. november 4-års bok utdeling i Stemshaug
- 17. november 4-års bok utdeling i Aure og Gullstein
- 16. – 17. november Lys våken i Aure kyrkje, for deg som går i 6. klasse



## ØRNEKLUBBEN

### Velkommen til Ørnekubben!

Ørnekubben er for barn mellom 4 og 9 år. Vi møtast på Aure Misjonshus i Aure sentrum kvar 3.tysdag frå klokka 1730 – 1830. Kvar samling avsluttast med kveldsmat.

Ørnekubben er eit trosopplæringstilbod med song, samlingsstund og ulike aktivitetar. Foreldre er velkomne til å vere med.

Kontingent per halvår er 50,- kroner per barn.



## Datoar haust 2019

1. oktober

22. oktober

12. november

16. november  
JULEMESSE KL 11

3. desember

7. desember ADVENTSFEST  
KL 12-14

11. desember

8. januar

Tysdagar  
1730-1830

Felles kveldsmat etter samlinga

For barn frå 4 -9 år

**FØLG OSS**  
**Facebook: Ørnekubben**

Sjekk kalender på  
[auremisjonshus.no](http://auremisjonshus.no)

## Tweens

Alle som er mellom 10 og 12 år (5. – 7. trinn) er velkomen til Tweens på Aure Misjonshus. Her leiker vi i lag, vi har andakt og vi har sal av pizzasnurr og brus. Velkomen! Ta med 50 kr. I medlempengar om du vil vere med. Samlingane er klokka 19 til 21.

- 18. oktober
- 8. november
- 6. desember

# Mineulukka på Finset



**19.9 1919 skulle to miner som hadde flytt på land på stranda uteom Finset bli uskadeleggjort. Minene var etter 1. verdskrig. Ein ekspert frå forsvaret kom, og fekk med seg Johannes Finseth, samt sonen Nils, til å vise kor minene var. Det skulle òg vise seg at sonen John sneik seg med. Under desarmeringa av den andre mina gjekk noko gale, mina eksploderte, og fire liv gjekk tapt. Vi presenterer her eit brev enka Ellen skreiv om ulukka.**

Foto frå minnemarkering: Jan Ove Krutvik. Andre foto: Skaffa av Johannes Finset.



## Livet etter ulukka

Torsdag 19. september slår vi på tråden til Johannes, "kårkallen" på Finset. Det er nøyaktig på dagen hundre år etter at den store tragedien ramma Finset-familien. Bestefaren med same namn, pluss to onklar, Nils og John, og ein fjerde-mann, Kolbjørn Rustad, vart sprengd filler nede i fjøra, av ei mine frå første verdskriga.

Ei tid etter skreiv enka, Ellen, eit brev til misjonær Johan Torset (frå Ivarstua på Indre Torset) i Kina og fortalte i detalj kva som hende den forferdelege dagen. Kona til Johan Torset, Antonie, gav mange år etterpå brevet til Tore Finset, som i 1919 var mellom tre og fire år.

- *Prega ulukka familien på noko vis?*

– Det levde med oss, veit du, seier Johannes. For bestemor Ellen var det eit tidsskilje, "før og ætte karrainn kom bort." Og når eg av og til gjorde ugagn, sa ho: "Æ skull ha skjentest på dæ, mæn du e så lik 'en Nils.' Og så heldt ho gjerne fram med å snakke lågt med seg sjølv etterpå. Da vi fekk oversend bestemor sitt brev frå Antonie Torset, var det svært for far å lese brevet høgt for oss andre. Han hadde nok mange tunge stunder med sakn av ein far, slik alle andre hadde, men ikkje han.

– Tante Karen, som var knapt sju år da faren og brørne vart rivne frå henne, måtte passast på fleire veker etter ulukka, fortel Johannes. Ho vandra stadig utover mot myrene oppom ulukkesstaden. Storesøstra Marit på 15 sette derimot aldri meir sin fot der ute, så lenge ho levde (og ho vart over hundre år). Så det er klart dei var plaga av traumer, seier Johannes.

– Som 90-åring, i 1966, skreiv bestemor eit brev til ein slekting, og der fortel ho noko som har vore ukjend for oss i familien fram til for få år sidan, da vi rydda i papira etter mor og far. I det brevet fortel bestemor om den første natta etter ulukka.

– I 2001 sette vi opp ein minnestein der ulukka hende, det var den gamle kloppa rett ut for stovedøra, der bestefar hadde trødd kvar dag, frå han lærde å gå, til han gjekk ut 19/9-1919. Det er godt å tenkje på at den steinen no er minnesmerke over han og dei tre andre som miste livet der. På steinen står dei orda frå Jobs bok, som var noko av det første bestemor sa da ho sto åleine ved ulukkesstaden: "Herren gav, Herren tok, Herrens navn være lovet."

Tekst: Asbjørn Barlaup

## Ellen Finseth sin egen beretning fra den 19 - 09 - 1919. Skrevet i april 1920.

«Jeg, og mine satt fredag den 19/9-1919 ved bordet og drakk vår ettermiddagskaffe.

Lykkelig og glad satt vi alle og pratet som ellers.

Min mann holdt våres minste gutt, Tore 3 ½ år på sine armer, han holdt da på å more seg med pappa.

Jeg gikk ut en snarvending, hører da dampbåten fløyte, som skulle hente de to ilanddrevne miner.

Jeg ropte straks på min mann og eldste sønn, da de fløyte flere ganger.

De skulle vise hvor minene lå. Johannes og Nils skyndte seg å ha båt ut, sammen med to minører rodde de til første mine, nærmest gården.

Jeg, min søster Beret og de andre fire barna sto og så på de at de uskadeliggjorde mine nummer 1.

Vi var da så langt fra minen at vi har da godt klar, om den var sprunget. Om noen tid var første mine brakt på sjøen og heist om bord på skipet.

Dampskipet «Sudderø», sammen med min mann og sønn som rodde på båt lenger ute, hvor de kom ut av syne.

Vi gikk inn i stuen vi alle som var heime, så nær som John, han blei ute, trodde han fremdeles var oppe der på haugen. Ante ikke, han med en eneste gang var sprunget like i døden. For just som de andre var kommet til minen var John kommet og satt sig ned likeved.

En times tid var vi inne. Tenkte ved meg selv, de blir lenge der ute – var litt bange – trodde at de holdt på å prate med skipsfolkene.

Som jeg stod og snakket i telefonen hørtes et forferdelig brak, kjentes som den massive stuebygningen løftes fra sin grund og fall sammen. Min yngste lille datter, Karen 7 år, satte i et skrik; «Pappa er død».

Jeg var enda ikke så redd, trodde de hadde skutt minen sund, da jeg hadde hørt de brukte det når de var langt fra bebyggelse.

Såg ut, en stor svart røysøyle var høyt i luften.

Jeg begynte å bli urolig. En halv times tid gikk og mine uteble.

Bestemte meg for å gå utover, blei mer og mer urolig.

Kommet midtveis, fikk jeg se en sønderslått båt ligge i sjøen.

En rar anelse grep meg.

Hjertet begynte å slå tyngre.

Gikk til stranden nær dampskipet lå.

Tre menn i en båt rodde rundt, liksom lette etter noe.

Visste ikke det var for å samle levninger av de omkomne.

Trodde mine folk kunne være ombord i skipet.

Syntes den ene som rodde omkring var Nils.

Men hvor er Johannes?

Han hadde på seg lys vindjakke og var så kjennelig fra de andre.

Som jeg stod der med bankende hjerte, og ikke visste hva jeg skulle gjøre for å lette det trykk som mer og mer la seg over meg.

Særlig da de heiste skipsbåten ombord og satte kursen vestover fjorden. (Ingen av alle de menn ombord greidde å gå på land og fortelle meg det som skjedde.)

Jeg sto der ute alene, alt var for meg en uløst gåte.

Hvor var mine?

Kunne ikke gå heim, kanskje har de rodd lenger ut for å finne rakved eller noe...

Jeg lyttet...var stilt som i graven.

Jeg visste ikke bestemt hvor den siste minen lå.

Fikk en innskytelse, jeg skulle gå lenger utover stranda.

Kommet en 50 – 60 skritt, fikk jeg øye på en liten tøylapp, tok den opp, var av samme tøy som min manns undertrøye.

Noen rystelser gikk igjennom meg, men enda fikk jeg ikke til å tro det verste. Tenkte denne tøylapp kunne komme dit på et eller annet vis.

Gikk en 9 – 10 skritt, tråkket på et større stykke tøy, som lynet tok jeg det, så det var av min manns underskjorte.

Det første som kom over mine lepper var; «Johannes er ikke mer her».

«Men hvor i all verden kan jeg tale å se dette?», var mitt andre utbrudd.

Med den sotede fille i min hånd sto jeg, foldet mine hender, så opp til



himmelen. Fikk nåde i samme stund og ropte ut høyt:

«Herren gav, og Herren tok, Herrens navn være lovet!»

Jeg fikk i min store nød en slik kraft som verken penn eller tunga kan tolke.

Som jeg så litt mer omkring meg, blei jeg var en dyp, stor brønn, hvor minen har ligget, leire og steinsprut.

Hvor det var et fryktelig skue!

Jeg lukket mine øyne, bad Gud skåne meg for å se mer.

Da jeg åpnet øynene, var hele scenen der ute innhyllet som av tåke.

Tenk jeg skulle ikke se mer enn de få små filler, skjønt jeg gikk midt blandt restene.

Gud med sin allmaks kraft ordnet det slik.

Jeg skulle ikke se mer enn jeg tålte.

Som jeg stod i denne gravnatt der ute, sukket jeg til Herren om hjelp for å komme meg heim, mine heime ventet på meg i stor spenning.

Tro meg det var som jeg ble båret heim.

At jeg skulle gå så rolig? De evige armer holdt meg opp, de er sterke...

Var nesten kommet til stuen, alle kom i mot meg.

Hva skulle jeg si? Sannheten måtte fram, på hvilken måte?...

De så på meg hva som var skjedd, jeg var lik marmor i ansiktet, men rolig uten å felle en tåre.

Hva som da gikk for seg med mine 2 eldste barn glemmer jeg aldri. Hjerteskjærende å høre deres nødkrik for meg, deres mor, uten å kunne hjelpe. Herren kunne stille også denne nød.

Da deres fortvilte skrik ikke stanset, ropte jeg til dem: «De måtte være stille! Hvis ikke så døde jeg også.»

De stilnet litt, og jeg sa: «Det er en liten stund så skal vi se pappa, Nils og John igjen og ingen mine springer mer.

De er bare gått litt forut, heim til Himmel.

I et øyeblikk forandres deres utseende.

Å, hvor herren er et vern for sitt folk på trengselens dag. Vi Guds folk er som Sions berg, der ikke kan rokkes.

Siden mine gikk bort, har tiden gått nokså rart hen. Både til sjel og legeme har jeg fått erfart, Gud holder det han lover!

Også å være enkers trøst og faderløses far og forsørger.

Takk og lov!

Må fortelle om den siste natt mine var her. Straks etter at vi var sovnet, våknet jeg av en sår gråt i værelset ved siden av, jeg ba min mann undersøke hva som var i veien med lille Karen, hørte det var hun. Straks han nærmet seg henne, stilnet gråten seg.

Johannes la seg og vi sovnet--- våknet igjen av samme gråt, enda sterkere. Johannes gikk da igjen og snakket til henne, straks ble hun rolig.

Tenkte da at alt ble stille, har da aldri hørt noe slikt av henne.

Jeg låg våken, min mann sovnet.

Med ett hørtes liksom et nødkrik fra værelset. Jeg gikk da for tredje gang, spurte om hun var syk?

«Jeg er så redd,» sa hun, jeg ville ta henne med til vårt værelse, men det ville hun ikke. Siden sovnet hun rolig inn.

Hele dagen etterpå gikk hun etter meg og sa:

«Minen spring mamma! Mina spring!».....»

«Samme aften mine ble borte, lå jeg i det lille kammerset ved siden av stuen.

Visste ikke at noen timer siden var 3 hjerter sluttet å slå av dem som lå mitt hjerte nærmest. En uhøgget stilhet. Kjentes uti værelset en dødsens stillhet som syntes å kvele meg. En tanke streifet meg, tro om Johannes hadde gulluret sitt på seg der ute? Jeg famlet over sengen, jo der hang det, la det til øret, det pikket der var liv. La det på hodeputen, så nær som mulig. Ble for en liten stund lettere å puste, sovnet visst.

Klokken 6 sto jeg opp, traff min søster Beret ute i kjøkkenet. Hun sa: «Du sang da i natt.» Hva sang jeg? «Alene i håp til Gud er min sjel stille.» Du sang første vers, så ble det stille i værelset. Forsto da det var i sovne jeg sang, da jeg blundet mens uret lindret nøden for en tid.»

**SJØSIDEN**  
FRISØR  
**Bente L.  
Kristiansen Istad**  
Mjosundet  
**Telefon 716 46 720**

I næringslivets tjeneste i 50 år!



**H. Aukan**  
**Regnskapskontor AS**

Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund

Økonomisk rådgivning –  
Regnskapsføring  
Skattespørsmål  
VI HJELPER DEG!!

### Vi arrangerer

- \* Barned p
- \* Konfirmasjon
- \* Bryllaup
- \* Bursdager
- \* Minnesamv r
- \* Catering



Tlf 716 46 238



Døgnvakt tlf.:  
**72 45 25 37**  
www.bertelsen-bgr.no

**VIRKE GRAVFERD**

#### Gravmonumenter

Gratis montering m/garanti



Model 369

#### Vi utfører også

- Oppussing og navnetilføyelser
- Vask/rensing av monument
- Omsliping av stein
- Opprettning av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedrammer
- Fjerning av gammel stein
- Benkplater i stein
- Spyleing av hustak og husvegger

#### Kontakt:

**Bertelsen Stein & Spylderservice**  
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510



**Dagligvarer, bensin, diesel**

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45



**Nordvest Elektro A/S**

6699 Kjørsvikbugen

Telefon 908 94 402

### DIN LOKALE TUROPERATØR

Arrangør av bussturer innen- og utenlands

- SPA-turer til Estland
- Pensjonistturer
- Skoleturer
- Andre lag og foreninger
- Agent for Hurtigruten



6690 AURE  
71 64 66 56 – 917 10 394 [www.aure-reiseservice.no](http://www.aure-reiseservice.no)

**BUNNPRIS**

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

### Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!



Vi leverer alt til  
begravelse i  
Aure og  
Stemsaug.  
Frakt kr 50,-

ÅPENT  
ma-to 10-17  
Fre 10-18  
Lør 10-15

Velkommen til Vihals

**Flora Idé AS**

– Jørjan Ulfnes-Skar –  
gartner og dekoratør  
Tlf 716 46 500 – 926 81 668



### Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen  
og Hyttemenyen

#### Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.  
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:  
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00  
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,  
6699 Kjørsvikbugen  
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21  
E-post: [byggvarehuset@c2i.net](mailto:byggvarehuset@c2i.net)

### Skipnes Mek. Verksted AS



6697 Vihals  
Tlf 71 64 56 41  
Faks 71 64 56 67



## Tall fra Hjelpesendingen til Estland

- Vi tok imot ca 250 kolli, og vi takker for dei mange reine og heile varene.
- Det kom inn Kr 13 000 til frakt av kolliene.
- I loddsgang ble det solgt for kr 57 400,-. Dette skal dekket resterende transport til Estland og videre:
- gave på kr 15 000 til menigheten Word of God i Narva,
- gave på kr 3 000 til Maria og hennes barnehjem i Narva,

Takk til alle sammen for bidrag til Hjelpesendingen til Estland 2019!

Intervju med Lars Fladseth fra AureReiseservice

## Tema : Estlandstur før – nå og i framtid

I år, som i tidligere år, har det vært Hjelpesending og tur til Estland. Turene har foregått siden 2004, sant? Vi i menighetsblad vil gjerne høre litt om dine tanker omkring Estlandsturen før og nå.

– Våre hjelpesendingsturer startet i 2004 som du antyder her ja. De første årene kombinerte vi denne turen med våre SPA-turer til Toila. For hver høstavgang (årets siste tur) delte vi bussen i to, halve bussen med SPA-gjester og resten med hjelpesendinger fra Aure og Omegn. Senere da lageret med varer stadig vart større begy-

nte vi å leie lastebil i tillegg til bussen, de første årene fra Peder Dag Hannasvik på Tustna, og de seneste år har vi leid hos Tornes Turbusser på Tornes i Romsdal. Samtlige turer har gått uten vanskeligheter, og mottagerne i Narva har alltid vist oss stor takknemlighet for den hjelpen vi har bidratt med her fra Aure.

*Hva slags endringer har du sett i Estland siden 2004?*

– Når det gjelder utviklingen i Estland fra vi begynte til i dag, er det helt nytt land vi snakker om. Besøker vi for eksempel et kjøpesenter der borte finner vi stort sett de samme varene som her i Norge, og de som handler der ser både velkledd og velfødd ut.

Dette bilde kan nok bedra mange, spesielt førstegangs besøkende som da får et in-



ntrykk av at her kan det vel ikke være noen form nød. Saken er nok dessverre slik at de som besøker disse store kjøpesentrene er de som tilhører den høyere middelklassen som har jobb og mer å rutte med. De som derimot tilhører det vi i Norge kaller for fattige ser vi aldri på slike steder.

Jeg får stadig spørsmål om ikke det begynner å mettes med hjelpe der borte, og mitt svar blir det samme hver gang at de fattige blir stadig fattigere, og denne gruppen øker for hvert år. Nøden er dessverre fortsatt ganske stor selv om den ikke er så synlig som den var i starten i 2004.

*Hvordan opplevde du årets tur, 2019?*

– Årets tur er nylig tilbakelagt uten problemer, og med et vellykket resultat ifølge de hyggelige tilbakemeldingene vi har fått.

*Hva mener du om veien videre for Estlandsturene? Har du en visjon du kan dele med oss, eller en invitasjon?*

– Så lenge vi opplever den fantastiske takknemligheten ved overleveringen av varer fra Aure er det vanskelig å slutte å hjelpe våre venner der borte. Dette arbeidet håper jeg vil fortsette så lenge behovet er tilstede. Håper våre innbyggere fortsatt støtter opp rundt disse turene!

Takk Lars, for ditt innspill og for mange års innsats for Estland og dine passasjerer!

Judy Rangnes

# Kyrkjeverket

## Aure sokneråd faste medlemmar

RAGNHILD ELISE BERGE FINSET  
IVAR HUSBY

MARITA TORSET

ARNE MASTAD

ANNE VIK

KJELL PETTERSEN

## Varamedlemmar

MATS LANGTINN

MAGNAR LIEN

HELGE AUKAN

ANNE LISE HALTBAAK

KJELL INGE ALVSVÅG

## Stemshaug sokneråd

### faste medlemmar

ARVE JOHAN GOA

ÅSMUND ALMLI

BRIT NILSEN

ANN-MARI ULFSNES

KÅRE ANDREAS JOHANSSON

EMIL SKAR

### Varamedlemmar

IRENE MÆLE

## Tustna menighetsråd

### faste medlemmer

INGRID AUKAN

LINDA PATRICIA MÅLEN

ANNE MARIE MOLTUBAKK

GUNNAR BIRGER GULDSTEIN

MARIT SOFIE ALSVIK

ODDNY GRETE LANGHOLM

### Varamedlemmer

DAG RUNE MYRMEL

## EINAR ØRBOG

ESTER KVITLAND INDERGÅRD

HEIDI MELØ

BJØRN JOHAN BJØRGEN

For informasjon om Bispedøme/kirkemøteval sjå [www.kirken.no](http://www.kirken.no)

## Valdeltaking Aure sokn

- 12,4 % BDR av stemmeberettige
- 16,03 % i soknerådsval
- Talet personar som stemte: 230

## Valdeltaking Stemshaug sokn

- 26,25 % BDR av stemmeberettige
- 33,56 % i soknerådsval
- Talet personar som stemte: 150

## Valgdeltagelse Tustna sokn

- 14,79 % BDR av stemmeberettige
- 19,73 % i soknerådsval

Antall personer som stemte: 136



# Livets gang

## Aure kyrkje

### Døpte:

14.17. Odin Folde  
11.08. Ebba Skar Johansen

### Vigde

03.08. Hege Skifjeld og Simen Gjerdevik  
03.08. Jorunn Sødahl og Ove André Ormbostad  
07.09. Bodil Husby Gjeldnes og Jan Bjørge Aarseth

### Døde:

25.06. Agnes Solveig Strand f. 1925  
27.06. Margunn Klaksvik f. 1929  
01.07. Margit Torset f. 1940  
05.07. Jonas Even Vik f. 1956  
08.07. Olav Harald Strand f. 1953  
10.07. Ola Torsetnes f. 1941  
15.07. Ingeborg Eide f. 1930  
18.07. Jostein Ormset f. 1937  
04.08. Oddbjørn Næss f. 1944

10.08. Per Jomar Langholm f. 1968

24.08. Nils Soleim f. 1928

09.09. Reidar Brynjulf Råket f. 1934

## Gullstein kirke

### Døpte:

16.06 Nora Marie Smerud

### Døde:

29.06. Just Hermann Soleim f. 1939  
04.07. Bjørg Jenssen f. 1930  
24.07. Guri Hundhammer f. 1933  
18.09. Hjørdis Edvardsen f. 1928

## Stemshaug kyrkje

### Døpte:

30.06. Peder Eikeset Bakk  
30.06. Leah Ness Hestsveen  
29.09. Nordahl Finset Ingvaldsen  
29.09. Liv Finset Ingvaldsen

### Døde:

05.09. Jon Margido Kjørsvik f. 1940



Nora Marie Smerud,  
døpt 16.06.19  
i Gullstein kirke

**ØYVILT**  
6694 Foldfjorden  
TLF: 915 75 803

**Vilt-Fisk-Fiskemat**

Ring oss på  
**481 57 263 / 915 75 803**  
for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle  
anledninger  
- Dåp  
- Konfirmasjon  
- Minnesamvær  
- Bryllup  
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon  
av retter; koldtbord,  
tapas, snitter, varmretter  
og desserter.

## Aure, Stemshaug og Tustna sokn

**Adresse:** 6690 Aure  
[post@aurekyrkje.no](mailto:post@aurekyrkje.no)

**Sokneprest:**  
Per Eilert Orten: 908 94 398

### Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag

kl 0900-1300

[www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)

### Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

Kyrkjegardsarbeidar, Aure

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener, Kirkegårdsarbeider Tustna

Roger Steen

468 62 240

### Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 957 01 908

Sekretærar:

Stig Ottar Jensen

479 75 472

Ansvarleg for trusopplæringa

Stig Ottar Jensen

479 75 472

### Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Toralf Bakken,

Einar Ørbog,

Ingrid Anne Skarset,

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415

### Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

### E-post:

[ole-kristian@orklagrafiske.no](mailto:ole-kristian@orklagrafiske.no)

[www.orklagrafiske.no](http://www.orklagrafiske.no)



# Gudstenester

*Med etterhald om endringar  
– følg med i aviser og oppslag*

Dag i kyrkjeåret:	AURE	STEMSHAUG	TUSTNA
<b>13. oktober</b>	Høgmesse m. nattverd Kl. 11.00		
<b>20. oktober</b>			Høgmesse m. nattverd kl 16.00
<b>03. november</b>	Minnegudsteneste kl. 19.00	Minnegudsteneste kl. 16.00	Minnegudsteneste kl. 11.00
<b>10. november</b>		Familiegudsteneste med utdeling av 4 års bok. Kl. 11.00	
<b>17. november</b>	Familiegudsteneste med utdeling av 4 års bok. Kl. 11.00		Familiegudsteneste med utdeling av 4 års bok. Kl. 16.00
<b>01. desember</b>		Vihals grennahus, Familiegudsteneste. Kl. 14.00	
<b>08. desember</b>	Gudsteneste, Lysmesse for alle tre sokn. Kl. 19.00		
<b>15. desember</b>		Nordlandet grennahus, Familiegudsteneste, Kl.11.00	
<b>24. desember</b>	Familiegudstjeneste Kl. 15.00		Familiegudstjenste Kl. 13.00
<b>25. desember</b>	Høgtidsgudstjeneste, Kl. 11.00	Høgtidsgudtjeneste, Kl. 16.00	

## Pilegrimstur med konfirmanter

Pilegrimsturen for konfirmantene ble arrangert 30.august - 1.september. Som tidligere år gikk turen fra Skaun kirke til Buvika og Øysand på lørdagen, og fra Sverresborg til Nidarosdomen på søndag. 17 konfirmanter fra Aure var med og 8 fra Smøla. Det var nytt av året at de fra Smøla fikk tilbud om å være med.

Vi overnattet som før på Melhus bedehus. På lørdagen viste det seg at den nye konfirmantlæreren hadde glemt å avtale med omvisning i Skaun kirke, så turen startet litt tidligere enn planlagt. Lederen i Tustna menighetsråd Ingrid Aukan fortalte historien om Husaby gård mens jeg holdt korte andakter basert på Markus evangeliet. Konfirmantmor Karen Vassli var igjen på bedehuset og laget pizzasnurrer som vi spiste halvveis på turen. Vi hadde samling der vi blant annet øvde på salmer vi skulle synge dagen etter i

kirken, og kantoren fra Smøla David Williamsson spilte piano. Vi hadde hyggestund med snadder og selskapsleker, Ingrid hadde mange på lager. På kvelden ble det stille ganske fort, det var vel mange trøtte etter dagens marsj. Søndag gikk vi til Nidarosdomen fra Sverresborg og deltok på gudstjenesten. Den var ganske omfattende, blant annet med prestevinnelse som preses Helga Haugland Byfuglien foretok. Etter gudstjeneste dro vi til Bowling1 på Heimdal og bowlet, kjørte Gocart og spiste pizza. Etter det var turen over og bussjåfør Ole Hjelanes kjørte oss trygt hjem til Nordmøre.

Jeg vil takke alle som var med på turen, både konfirmanter og dere voksne som var med som ledere. Det var en fin start for meg på jobben som konfirmantlærer, og det så ut som konfirmantere også likte seg.

Stig Ottar Jensen



**Returadresse:**  
Tustna, Aure og  
Stemshaug  
Menighetsblad  
6690 Aure

## 50-årskonfirmanter Aure og Stemshaug



Fra v. til h. Annbjørg Strupstad, Klaus Ås, Eva Peggy Rasmussen, Ole Roald Torset, Stein Haltbakk, Hildur Ingrid Svanemsli, Kåre Torset, Hildur Annie Strand, Oddny Vaag Loe, Ellen Anne Strand, Bjørg Fladseth, Arne Glomstad, Astrid Schei, Daniel Dyrnes, Terje Thevik.



## 50-årskonfirmanter Tustna

Foran fra venstre:

Odd Gjeldnes, Anne Berven, Toril Hamnes Hansen, Anne Marie Thordarson Moltubakk, Gunn Alfild Linvåg Aas,  
Elisabeth Lyngstad Engvik, Lilly Lystad Raastad

Bak fra venstre:

Einar Bækken, Edith Fuglvåg, Karl Georg Rovik, Alf Fikkan, Einar Reiten, Odd Guldsten, Otto Ørbog.